

# Protokoll frå telefonstyremøte i Helse Førde HF

Tid: **05.12.2019, kl. 15:00-15:35**  
Møtestad: **Telefonmøte/ Førde sentralsjukehus**

**Styremøtet var ope for publikum og presse**

## Deltakarar frå styret

Agnes Landstad (via telefon)	Styreleiar
Reidar Sandal (via telefon)	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen (via telefon)	Medlem
Tor Vidar Myklebust (via telefon)	Medlem
Ivar Eriksen (via telefon)	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Mariann Hundsnes	Varamedlem tilsette
Audun Nedrebø (via telefon)	Observatør

## Forfall

Anne Sissel Faugstad, nestleiar  
Aud Ingrid Espeland, medlem  
Randi Aven, medlem

## Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør  
Helge Robert Midtbø, direktør Drift & eigedom  
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør  
Berit Irene Haarklau, referent

## Sakliste

---

- 095/2019 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- 096/2019 Løyve til å tiltre og sal av grunn til gang- og sykkelveg langs Fv. 484 – sjukehusparken Førde sentralsjukehus

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, brukarrepresentant og administrasjonen velkommen til dagens telefonstyremøte.

### **095/2019 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar Agnes Landstad leia telefonmøtet og orienterte om dagsorden.

Nestleiar Anne Sissel Faugstad og styremedlemmer Aud Ingrid Espeland og Randi Aven hadde meldt forfall. Mariann Hundsnes møtte for styremedlem Randi Aven.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

### **096/2019 Løyve til å tiltre og sal av grunn til gang- og sykkelveg langs FV. 484 – sjukehusparken Førde sentralsjukehus**

#### **Oppsummering:**

Føremålet med å gje løyvet er å ikkje hindre oppstart av gang- og sykkelveg langs Vievegen. Arealet som Helse Førde HF vil avstå er definert i reguleringsplan fv. 484, gang- og sykkelveg, godkjent 16.02.2017 og detaljplan Førde sentralsjukehus godkjent 28.03.2019. Totalt avstått areal er 2.199 m<sup>2</sup>. Kjøpesum og kjøpekontrakt skal forhandlast fram på eit seinare tidspunkt.

For eigedomar med verdi under 10 millionar kroner har vi følgjande prosedyre:

- 1) Forslag om sal vert handsama av styret i Helse Førde HF
- 2) Dersom positivt vedtak, vert saka sendt over til Helse Vest RHF
- 3) Handsaming i styret for Helse Vest RHF som innstiller overfor
- 4) Føretaksmøtet i Helse Førde, som gjer formelt vedtak om sal

*Adm. direktør Varden innleia om saka som kom opp på kort varsel og derfor innkalling til telefonstyremøte.*

*Direktør Midtbø orienterte om bakgrunn for saka, med gang- og sykkelveg i Førdepakken. Parken er verna av Riksantikvaren, men det er gitt dispensasjon for arealet knytt til gang- og sykkelveg.*

*Prosjektdirektør Solhaug orienterte om pågåande prosess med Førdepakken og dialog med Statens vegvesen.*

### **Framlegg til vedtak:**

1. Styret vedtek å gje Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Statens vegvesen region vest løyve til å tiltre grunn frå gnr. 43, bnr. 85 i Førde kommune. Arealet skal nyttast til gang- og sykkelveg, definert i reguleringsplan fv. 484, gang- og sykkelveg, godkjend 16.02.2017, og detaljplan Førde sentralsjukehus godkjend 28.03.2019. Totalt avstått areal er 2.199 m<sup>2</sup>.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å starte forhandlingar om erstatningssum og kjøpekontrakt for arealet med Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Statens vegvesen region vest.
3. Dersom Helse Førde og Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Statens vegvesen region vest ikkje kjem til semje om erstatningssum, skal erstatning setjast fast ved rettsleg skjøn (avtaleskjøn), jf. skjønnslova paragraf 4.
4. Saka vert sendt til Helse Vest for vidare godkjenning.
5. Endeleg kjøpekontrakt for arealet skal leggast fram for handsaming og godkjenning i føretaksmøte i Helse Førde.
6. Vestland fylkeskommune overtek Sogn og Fjordane fylkeskommune sine forpliktingar i denne saka og aktuelle avtaler frå 01.01.2020.

Adm. direktør Varden kom med framlegg om å stryke punkt 5, som vert ivareteke av Helse Vest RHF.

### **Votering:**

Adm. direktør sitt framlegg til vedtak, med korrigeringspunkt 5 vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret vedtek å gje Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Statens vegvesen region vest løyve til å tiltre grunn frå gnr. 43, bnr. 85 i Førde kommune. Arealet skal nyttast til gang- og sykkelveg, definert i reguleringsplan fv. 484, gang- og sykkelveg, godkjend 16.02.2017, og detaljplan Førde sentralsjukehus godkjend 28.03.2019. Totalt avstått areal er 2.199 m<sup>2</sup>.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å starte forhandlingar om erstatningssum og kjøpekontrakt for arealet med Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Statens vegvesen region vest.

3. Dersom Helse Førde og Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Statens vegvesen region vest ikkje kjem til semje om erstatningssum, skal erstatning setjast fast ved rettsleg skjønn (avtaleskjønn), jf. skjønnslova paragraf 4.
4. Saka vert sendt til Helse Vest for vidare godkjenning.
5. Vestland fylkeskommune overtek Sogn og Fjordane fylkeskommune sine forpliktingar i denne saka og aktuelle avtaler frå 01.01.2020.

Ref. Berit Irene Haarklau

---

Agnes Landstad  
Styreleiar  
(via telefon)

---

Anne Sissel Faugstad  
Nestleiar  
(sett)

---

Aud Ingrid Espeland  
(sett)

---

Reidar Sandal  
(via telefon)

---

Ole Gunnar Krakhellen  
(via telefon)

---

Tor Vidar Myklebust  
(via telefon)

---

Ivar Eriksen  
(via telefon)

---

Arthur Norevik

---

Ole-Magnus Kapstad

---

Lena Thorsnes

---

Mariann Hundsnes  
Varamedlem tilsette